

---

Saksnr: 2021/16373-6  
Saksbehandlar Even Vaular  
Dato: 27.08.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Avdelingsdirektør for infrastruktur og veg

---

## Samhandling med Statens vegvesen i samband med bygging av Sotrasambandet

Fylkeskommunen v/ avdeling for infrastruktur og veg, har i brev dagsett 2. juli 2021 kontakta Statens vegvesen for å be om meir samhandling og samarbeid opp mot bygginga av det nye Sotrasambandet på rv.555. I tillegg til ny firefelts-bru mellom Bergen og Sotra omfattar utbyggingsprosjektet ny riksveg mellom Kolltveit (Øygarden kommune) og Storavatnet (Bergen kommune). Det vert også bygt fylkesveganlegg og kommunal veg under prosjektet. Meir informasjon om prosjektet kan ein sjå på Statens vegvesen sine nettsider:

<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/riksveg/sotrabergen/>

Vestland fylkeskommune ønskjer avklaringar kring bygging og drift av det fylkeskommunale veg- og kollektivanlegget som inngår i prosjektet, og kring ei eventuell framtidig omklassifisering av eksisterande bru.

Sotrasambandet vert gjennomført med ein OPS-kontrakt (offentleg-privat samarbeid), med ein estimert verdi på om lag 17 mill. kr (2018-kroner). I ein slik kontrakt har (i følgje vegvesen.no) det private OPS-selskapet totalansvaret for arbeidet med vegstrekninga i 20-30 år: frå planlegging til bygging, drift og vedlikehald. Sotrasambandet er i innspurten av forhandlingar for tildeling av kontrakt til entreprenør. Sidan det er OPS-kontrakt vil det som er til forhandling no i vesentleg grad påverke sluttresultatet av anlegget - også det som gjeld fylkesveg. Vestland ønskjer i tidleg fase å vera med på å definera kvaliteten på den delen av anlegget som skal vera fylkeskommunalt.

Vedlagte brev syner til fleire oppfølgingspunkt som fylkeskommunen ønskjer vert avklart i samhandling med Statens vegvesen. Mellom anna vert det vist til ei eventuell, framtidig omklassifisering av dagens Sotrabru. Vanleg praksis ved omklassifisering er at veganlegg og -objekt vert sett i stand før dei vert overført til ny eigar. For Sotrabrua gjorde Statens vegvesen i 2020 eit grovt anslag på vedlikehalds- og oppgraderingsbehov, med ein totalkostnad på drygt 500 millionar kr (eks. mva). Skal ein oppretthalda tiltenkt restlevetid på bruanellegget, er det behov for omfattande ombyggingar. Kostnadar ved ei omklassifisering av eksisterande bru til eit fylkesveganlegg er etter det fylkeskommunen har forstått halde utanfor prosjektet nytt Sotrasamband. Fylkeskommunen føreset at staten tar kostnadane med istandsetting eller eventuelt riving, om dette vert aktuelt.

Ei utfordring som fylkeskommunane møter er dei langsiktige kostnadane ved omklassifisering av riksvegsanlegg til fylkesveg. Eit døme er frå Telemark med ny E18 Bamble-Kragerø (Nye Veier), med planlagd byggestart i 2023. Ved omklassifisering av dagens E18 sit fylkeskommunen att med eit stort veganlegg med minimal trafikk og funksjon, men med årlege driftskostnadar på om lag 25 mill. kr. Ein finn fleire tilsvarande døme.

Det er per i dag ikkje ei god ordning for kompensasjon for den vesentlege auken i drift- og vedlikehaldskostnadar som større riksveganlegg medfører, korkje gjennom rammetilskota til fylkeskommunane eller direkteløyvingar som kunne fylgt dei einskilde omklassifiseringssakene.

Fylkeskommunane jobbar saman nasjonalt gjennom KS med denne problemstillinga og regelverket omkring omklassifisering.

#### Vedlegg

- 1 Statens Vegvesen / Sotrasambandet - samarbeid Vestland Fylkeskommune og mogeleg omklassifisering til Fylkesveg